

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje barnehage

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3747 - 16/6985

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
10.03.2016

## FEDJE BARNEHAGE - TILBAKEKALLING AV GODKJENNING ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR

På tilsyn utført 27.10.15 (ref. 15/3747 – 15/34917) og ved inneklimatekartering utført i 2006, 2009 og 2015 (ref. 2006/1407 – 1630/2006, 2007/2708 – 25409/2009 og 15/3892 – 15/34856) vart det avdekka avvik som viser at barnehagen ikkje tilfredsstillar krava til blant anna inneklimateklima, og oppfyller dermed ikkje vilkåra for godkjenning etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. jf. § 6.

Barnehagen måtte melde tilbake til Miljøretta helsevern om tiltak som fører til tilfredsstillande inneklimateklima innan 1.2.16. for å oppretthalde godkjenninga etter forskrifta. Miljøretta helsevern mottok tilbakemelding frå barnehagen den 4.3.16 om at avvik angående inneklimateklima ikkje var retta opp.

Kommunen kan trekke godkjenninga attende dersom krav ikkje lenger overhaldas (§ 26).

### **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Fedje kommune, vert godkjenning av Fedje barnehage tilbakekalla, då vilkåra for godkjenning etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. ikkje er oppfylt.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. §§ 6 og 25.

Med helsing

Ernst Horgen  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Fedje kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

**Kopi til:**

Kristine Rossnes

Vidar Bråthen

Øyvind Tolleshaug